




Enkel kulturminne- og friluftsrappport – Mjåtveitmarka B8



III. 1. Kart over kjente kulturminne. Raudt er vegfar, svart er tørrmur.


Det vart gjort to korte synfaringar i området, høvesvis 11.6.15 og den 4.12.15. Alle bilda i denne rapporten er frå den siste synfaringa, der det òg vart nytta GPS for å ta punkt på vegfar og steingardar.

Målet for synfaringane var å få ei enkel oversikt over nyare tids kulturminne og friluftslivsverdier i området. Meland kommune ved tenesteområde kultur utarbeider for tida *Kulturminneplan for Meland kommune 2016–2021* og *Kartlegging og verdisetting av friluftsområde i Meland*. Begge desse arbeida legg vekt på å sjå kulturminne og friluftsliv som ressursar for stadidentitet og samfunnsutvikling. Området er eit typisk næruteområde, som kan vere nytta til leik og snarvegar. Det er ikkje gjort ei registrering av dette.

Det er fleire vegfar i området utan at ein her går inn på opphavleg funksjon. Vegfara, særleg det gjennomgåande i retning N-S og mot SV inn på 22/85 kan verte verdifullt som ferdseveg gjennom



området og inn i Mjåtveitmarka elles. Tilstanden er relativt god fram til grensa til 22/85 og tydeleg etter. Vegfaret inn på 22/79 er svært svakt og kutta av moderne steinuttak, men har ein oppmurt kant mot V (foto 8). Vegfaret inn på 22/69 er av god kvalitet, men vert etter kring ti meter svært tilgrodd. I enden av vegen treffer ein på tørrmur i eit ren like sør for steinbrotet. Frå tørrmurane mot SA er det ein kort oppbygd kulturveg av eldre og anna karakter enn dei andre vegfara. Det gjeldande arealet er del av utmarka til garden Mjåtveit og vart utskifta i 1889. Ut frå utskiftingskartet for utmarka har det stått ein bygning i arealet, truleg kring der steinbrotet er i dag. Dei omtala tørrmurane og kulturvegen kan vere spor etter denne bygningen. Området er svært tilgrodd og det har vore kasta rester etter rydding av krattskog her, så det er vanskeleg å få god oversikt over situasjonen på denne staden.



Ill. 2. Utskiftingskart over Mjåtveit/utmark. Opp på kartet er retning SV. Mjåtveittjørna er midt til venstre og Mjåtveitstø i oppkant av kartet.

Steingarden i grensa mellom 22/104 og 22/79 er i varierende stand og har fleire brot. Han ser ut til å ha nytta den naturlege skrenten på delar av strekket. Steingarden kan ha markert utmarksdelinga mellom C og B på Ill. 2, eller mellom dei eldre teigane (nr 137 og 138). Garden er godt synleg frå gangvegen frå Mjåveitmarka til Rosslandsvegen.



Foto 1. Inngang frå Rosslandsvegen. S



Foto 2. Motsett retning av foto 1. N



Foto 3. Gjennomgåande vegfar. N



Foto 4. Gjennomgåande vegfar. S



Foto 5. Gjennomgåande vegfar mot høgre. Vegfar i retning 22/69 mot venstre. S



Foto 6. Gjennomgåande vegfar i grensa mot 22/85. SV



Foto 7. Restar etter tørrmur og oppmurt eldre vegfar på 22/69. NV



Foto 8. Vegfar på 22/79. A



Foto 9. Steingard i grensa mellom 22/104 og 22/79. ASA



Foto 10. Steingard i grensa mellom 22/104 og 22/79. SA